



Frå innspjelingsstudioet. Skissa på tavla viser hjernen med m.a. synsenter, hørsel og hudansans.

**Han passar slett ikkje inn i biletet av ein aldrande, distrè professor pensjonerte Reidar Myklebust. Den spreke 72-åringen gjev framleis aktivt bidrag innanfor spesialfagområdet sitt. For tida er han i gang med filminnspjeling av undervisningsførelesningar i anatomi til bruk for sjukepleiarstudentar.**

Professor Reidar Myklebust er engasjert til prosjektet av Helsefagskulen i Bergen som sorterer under universitetet i byen. Det er eit omfattande program der det vert gjort opptak i filmstudio av Myklebust når han er heilt åleine i studio og underviser i ulike emne innan anatomi for sjukepleiarelevlar. Framfor kamera brukar han berre tavle og krit i formidlinga slik han gjer i førelesningar for studentane. Dette har som kjent vorte sette stor pris på, og det gav pluss i vurderinga då han vart tildelt undervisningspris i 2011. Opptaka skal leggjast ut på nettet slik at dei seinare er tilgjengelege for studentane under studiet.

Dei siste vekene har Reidar Myklebust vore 2 dagar i veka i Bergen for å gjera opptak.

- Eg klarer ikkje meir enn det, for eg må jo ha litt tid innimellom til å førebu meg, seier han medan han legg smilande til at han set pris på oppdraget.

- Det er jo dette eg har drive med, og eg har alltid likt å førelesa for studentane, seier han og fortel at sjølv om han har vore gjennom det mange gonger med studentar, hender det at han må gjera opptak om att.

- Er eg ikkje heilt fornøgd, gjer eg det om att, seier han om opptaka som føregår i eit skikkeleg filmstudio, ein litt annan setting enn når han har studentane sitjande framfor seg. Han reknar med at det i alle fall skal gå med 20-30 timar til opptaka.

Sjølv om Myklebust no 'går til filmen', vil nok framleis ein del studentar ha glede av å møta den dyktige og populære formidlaren på vanleg måte. Han vil truleg framleis verta leigt inn for å førelesa for studentar innanfor sine spesialfelt. Sist haust hadde han travle periodar både ved universitetet i Bergen og i Tromsø. Mykje truleg gjentar det seg komande haust òg!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Mauricio Esteban Pavez Ramirez.